

Rundskriv

Til statsforvaltarane

Nr. M-1/2025

Vår ref: 25/89

Dato: 24.01.2025

Rundskriv M-1/2025

Nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor jordvern - klargjering av motsegnspraksisen

Statsforvaltaren er motsegnsmyndigheit innan jordvern. Formålet med dette rundskrivet er å bidra til ein meir einsarta forvaltningspraksis og gjere det meir føreseieleg for kommunal planlegging. Rundskrivet klargjer kva som er spørsmål av nasjonal eller vesentleg regional betydning, eller som av andre grunnar er av vesentleg betydning på jordvernområdet. Rundskrivet skal leggjast til grunn for motsegnspraksisen.

Heimel for motsegn i plansaker ligg i plan- og bygningslova § 5-4. Rundskriv H-2/14 frå Kommunal- og distriktsdepartementet gir generelle og overordna retningslinjer for bruk av motsegn.

Statsforvaltaren skal delta aktivt i planprosessane med kunnskap og rettleiing. Det er viktig å formidle jordverninteressene tidleg i planlegginga. Målet er at planane tek omsyn til jordvern slik at ein kan unngå motsegn.

Statsforvaltaren skal vurdere motsegn der kommunen legg ut areal til ein bruk som er i strid med statlege og viktige regionale jordverninteresser. Det skal gjennomførast ei konkret vurdering i kvar enkelt sak, og ei motsegn skal alltid grunnjevast.

Statsforvaltaren skal leggje følgjande til grunn i vurderinga:

a. Er arealet av nasjonal eller vesentleg regional verdi?

Statlege styringsdokument fastlegg at vern av dyrka og dyrkbar jord er ei nasjonal interesse. Dette er mellom anna nedfelt i nasjonale jordvernstrategiar som Stortinget har vedteke. Her

går det fram at mattryggleik, sjølvforsyning og beredskap er overordna mål. Dyrka og dyrkbar mark bør difor ikkje leggest ut til andre formål.

I den nasjonale jordvernstrategien er det sett mål om maksimal årleg omdisponering av dyrka mark. Dette er eit nasjonalt mål, og det er avgjerande for å nå målet at det ikkje vert omdisponert dyrka mark gjennom arealplanlegginga, anna enn i særskilde høve. Kommunane må bidra til at det nasjonale jordvernmålet vert nådd. Det nasjonale jordvernmålet er ambisiøst og tilseier at ein har ei sær s restriktiv haldning til å bygge ned matjord.

Grunna klima og topografi er dyrka og dyrkbart areal ein avgrensa ressurs i Noreg. Kornareal og særleg matkornareal, samt areal der det kan dyrkast frukt og grønsaker, er særleg viktige for mattryggleik og sjølvforsyning. Dette gjeld òg dyrkbar jord med potensial for slike produksjonar.

Det er eit mål å ta vare på dyrka og dyrkbar mark i alle regionar. Mindre og inneklemd jordbruksareal er òg viktige for matproduksjon og beredskap.

b. Kva konsekvensar får planforslaget for jordressursane?

Når ein vurderer om dei aktuelle areala er av nasjonal eller vesentleg regional verdi, må det komme klårt fram kor mykje dyrka og dyrkbar mark som vil bli omdisponert som følgje av planen, både totalt og fordelt på enkeltområde. I ei slik oversikt må det òg komme fram kva verdi areala som er foreslått omdisponert har.

Det må vurderast om planforslaget legg opp til eit utbyggingsmønster som kan gi press på verdifulle areal i seinare plansaker, til dømes om planforslaget legg opp til ei uheldig utbyggingsretning, eller dersom verdifull jord vert inneklemd og tungdrive. Det same gjeld dersom planforslaget legg til rette for tiltak som naturleg vil trekkje til seg ytterlegare utbygging.

c. Er planforslaget i samsvar med overordna planar og retningslinjer?

Statsforvaltaren må vurdere om kommunale planar er i tråd med vedtekne overordna planar. Det same gjeld *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging*, statlege planretningslinjer og statlege eller regionale planreglar.

Eit viktig prinsipp handlar om å vurdere alternativ når planforslaget legg opp til å omdisponere jordressursar av god verdi. Manglande vurdering av alternativ kan gi grunnlag for motsegn. Det skal òg vurderast om tidlegare omdisponert dyrka og dyrkbar mark, som enno ikkje er bygd ut, kan førast tilbake til LNFR-formål. Det kan vere høve til å fremje motsegn dersom det, etter at den gjeldande planen blei vedteken, har komme nye styringsdokument som det nye planforslaget ikkje følgjer opp. Sjå uttale frå Kommunal- og

distriktsdepartementet [her](#)¹. Ei eventuell tilbakeføring av tidlegare omdisponert areal, nydyrking eller jordflytting er ikkje eit argument for å godta omdisponering av dyrka og dyrkbar mark ein annan stad. Det er det samla arealbehovet i dag som er avgjerande.

d. Kva samfunnsnytte har planforslaget?

Dyrka mark er ein knapp ressurs. Omsynet til andre samfunnsinteresser må difor avvegast mot det langsiktige omsynet til matproduksjonen. Det skal vere ein høgare terskel for å fremja motsegn mot ein plan som legg grunnlag for tiltak som blir vurderte å vere av vesentleg samfunnsmessig verdi, enn ein plan som blir vurdert som mindre samfunnsnyttig.

Motsegn skal òg vurderast med bakgrunn i om det er mogleg å justere eller endre tiltaket, eller om det finst alternative løysingar/ lokalisering.

e. Samla vurdering

Det må gjennomførast ei samla vurdering basert på punkta a) – d) over før det blir teke stilling til om det skal fremjast motsegn eller ikkje.

¹Uttalen er publisert på Lovdata 29.10.2024, med tittel *Tolkningsuttalelse fra Kommunal- og distriktsdepartementet - TUDEP-2024-1612*